

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Erdal, Nina	Arkivkode: FE - 200, TI - &14
Arkivsaksnr: 17/259	Løpenr: 17/8219
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	20.09.2017	035/2017

Justeringsrett av momskompensasjon for nytt bibliotek.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Bjørkheim Senter as om justeringsrett av moms, jfr kapittel 9 i lov om merverdiavgift. Kommunen skal ikkje ta noko økonomisk risiko ved å inngå denne avtalen. Eingongskostnad knytt til avtaleinngåing skal dekkast av Bjørkheim Senter as. Dette vert gjort ved å redusere utbetaling av refundert moms.

20.09.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal orienterte og svarte på spørsmål om justeringsrett av momskompensasjon for nytt bibliotek. Økonomisjefen fortalte at det fyrte året vil vera ein del meirarbeid for dei tilsette på økonomikontoret. Dei neste åra vil dette arbeidet vera redusert.

Ordførar foreslo at økonomikontoret skulle ta betalt for eventuelt meirarbeid knytt til dette. Kommunestyret slutta seg til ordføraren sitt forslag.

KS- 035/2017 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Bjørkheim Senter as om justeringsrett av moms, jfr kapittel 9 i lov om merverdiavgift. Kommunen skal ikkje ta noko økonomisk risiko ved å inngå denne avtalen. Eingongskostnad knytt til avtaleinngåing skal dekkast av Bjørkheim Senter as. Dette vert gjort ved å redusere utbetaling av refundert moms.

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune signerte i 2015 kontrakt med Bjørkheim Senter as om å kjøpe eit areal til bibliotek. Kjøpesummen var på 14 mill kroner og biblioteket vart overført til kommunen i mars 2017. Grete Mohn v/ Bjørkheim Senter as har tatt kontakt med kommunen og ynskjer å inngå ei avtale om justeringsrett av moms.

Jfr lov om merverdiavgift (mva-lova) vert det ikkje gitt frådrag for meirverdiavgift ved bygging av fast eigedom (mva-lova § 3-11). Kommunar får derimot frådrag ved bygging av fast eigedom etter momskompensasjonslova (gjeld ikkje alle typar eigedom). Når ein privat utbyggjar byggjer eit kommunalt bygg som vert selt til kommunen og som kommunen ville fått momskompensasjon for, kan det inngåas avtale mellom utbyggjar og kommune om justeringsrett, jfr kapittel 9 i mva-lova. Det er kommunen som må søke om momskompensasjon og justeringsperioden går over 10 år.

Vurderingar og konsekvensar:

Det er Kommunestyret som avgjer om det skal inngåas avtale om justeringsrett for momskompensasjon knytt til bygging av bibliotek. Dersom det vert inngått avtale, vil utbyggjar lage ei justeringsoppstilling som er kommunen sitt grunnlag for å krevje momskompensasjon. Mottatt momskompensasjonen vert så vidarebetalt til Bjørkheim Senter as. Avtalen bør utarbeidas på ein slik måte at kommunen ikkje tek på seg noko økonomisk risiko. Utbetaling til Bjørkheim Senter as bør vera avhengig av ei utbetaling frå skatteetaten. Det er nokre kommunar som beheldt ein del av momskompensasjonen for å dekke kostnad ved å inngå avtale om justeringsrett og meirarbeidet med å krevje den inn. Dette varierer mellom kr 0 / 0% av kompensasjon til 40 %.

Det vil vera noko meirarbeid når dette skal gjerast årleg i 10 år, men det er først og fremst 1.året dette vil ta meir tid og koste litt pengar å få på plass avtalen. Kommunen har tatt kontakt med advokatfirmaet Stiegler ans for å be dei lage utkast til avtale om justeringsrett. Dersom utkastet vert ferdig før kommunestyremøtet vert avtalen lagt fram i møtet. Dersom han ikkje er klar bør rådmannen få fullmakt til å inngå avtale med Bjørkheim Senter as. Avtalen vil gjelde frå 2017.